

Norsk hjelp til svensk demokrati.

I bondestandet på den svenska riksdagen tala Per Sahlström den 24. oktober 1840 om at det norske »werkligt sjelfständiga statslif, alltifrån dessas nybildning, warit af oss med wärma och bifall omfattadt»¹.

Historisk sanning torer ein vel ikkje seia at dette er. Tvert imot er det snarast så at den norske fridomen frå 1814 aller fyrt i Sverige vart sett på som eit hefte for den samanstöypinga mellom dei to folka som svenskane hadde vona på. Og ålmenn svensk meining heldt visseleg med Carl Johan da han i 1820-åra freista få den norske grunnlova omlaga så ho skulle svara meir med den svenske.

Sia òg synte det seg jamt at den ulike statsskipnaden og den ulike politiske tenkemåten i dei to landa uvilkårleg skapte friksjon og somtid beint fram strid mellom dem². Og historie-skribinga har helst fest seg ved det trykket som svensk politikk i mange høve la på norsk, og det motstandet som slik politikk reiste i Noreg. Dette er den sida av samspelet mellom norsk og svensk i 19de hundreåret som lettast skin i augo.

Men om irritasjonen frå fyrsten var den sterkeste kjensla på svensk side, så skulle det snart koma tider da ein i Sverige meir kom til å tenke på samanlikning og fredleg kappestrid med demokratiet i Noreg. Noreg var det fyrste, Sverige det siste av dei nordiske rika som fekk seg ein demokratisk statsskipnad, og det måtte få fylgjer for dei andre at det norske folket så tidleg bygde opp ein demokratisk stat. Det er vèl kjent at den norske grunnlova frå 1814 vart nytta til agitasjon både i Danmark og i Sverige. Og sia Sverige levde i union med Noreg under sams konge, måtte det norske demokratiet få enda meir å seia for Sverige enn for Danmark.

Koss no den norske grunnlova på ymse måtar vart teki til

¹ Bonde-Ständets Protocoller, Riksdagen 1840, VIII, p. 174.

² Sfr. stykke mitt »Eit historisk syn på den norsk-svenske unionen» i svensk Historisk Tidskrift, 50 (1939), pp. 277—292.

mönster for den svenske representasjons-reformen i 1865, det har svenske historiegranskurar för gjort greie for¹, og det skal eg ikkje her seia meir om. Men likså viktig, eller kanskje meir, er den ålmenne verknaden på svensk tenkning av sjølve tilværet av ein demokratisk statsskikk i Noreg. Og det som eg her skal legge fram, det er serleg koss dette spørsmålet tedde seg for framande tilskodarar i Sverige — for dei amerikanske diplomatiske ombodsmennene i Stockholm.

Dei amerikanske meldingane om koss Noreg verka på Sverige har eit serskilt verde for di melderane hadde mest all kunnskapen sin om norske tilstand frå det dei hørte i Sverige. Jamvel da ein av dem (24. januar 1849) sendte statistiske verk om dei to landa over til Amerika, hadde han berre ei svensk bok å sende om Noreg, enda det på den tida fans verdfulle norske verk. Og mest ingen av dem sette noko sinne foten sin på norsk grunn. I røynda oppdaga dei ikkje Noreg för svenske liberale tok til å agitere med det norske föredömet. Da var det endeleg, i 1845, at ein amerikansk diplomat fann på å ta ein tur til Noreg, og da fylgte han föredömet til den engelske kollegen sin. Framleis rekna dei Noreg berre for eit lydland under Sverige; først under Krim-krigen vart dei var at nordmennene hadde andre utarikspolitiske synsmåtar og interesser enn svenskane, og da først tok dei til å skrive om »Sweden and Norway» i staden for berre »Sweden». Da kunne jamvel den amerikanske ombodsmannen i Stockholm skrive om »this anomalous union» og spå om at denne unionen kunne bli uvarig (4. august 1855).

No var det utvilsamt naturleg for folk som serleg hadde utarikspolitiske spørsmål og vilkår i tankane, å sjå etter utariksk innverknad på politikken i det landet dei var utsendt til. Og dei amerikanske sendemennene i Sverige var sterkt huga på å legge vekt på denne sida av svensk politisk liv. Dei kunne jamvel somtid tenke at det svenska folket var serskilt underlagt verknaden frå utelands hendingar. I ei amerikansk melding frå 4. september 1851 heiter det såleis: »No great reform of any kind can in fact be hoped for in Sweden which shall originate within its own borders. Foreign influence may have even greater effect than before.» Og ei melding frå 6. mars 1852 seier: »I am daily confirmed in my belief that no country in Europe is more prone to the influence of foreign events, and that nothing will originate in Sweden for the promotion and diffusion of a more liberal

¹ Sjå serleg Gunnar Rexius, *Det svenska tvåkammarsystemets tillkomst och karaktär*, Uppsala 1915.

spirit.» Men det er klart at det var innverknaden frå dei store landa ute i verda som dei amerikanske sendemennene fyrst og fremst hadde i tankane. Dei kunne ikkje ha komi på å rekne med norsk innverknad uta dei hadde hört svenskane sjölve tala om det.

Aller fyrst kan det vera nyttig å gje litet opplysning om den amerikanske representasjonen i Sverige for den tida det her gjeld.

Den fyrste ministeren frå Sambands-Statane til Sverige vart utnemnt i februar 1814. Utnemninga hadde samanheng med at Statane ynskte svensk (og russisk) hjelp til å tinga om fred med England. I førevegen hadde det vori ein »commercial agent» i Stockholm, tilsett av den amerikanske ministeren i Paris. Denne agenten, *John Speyer*, heldt seg i Stockholm frå februar 1811 til våren 1814, og han dreiv no vèl så mykje politikk som handelssaker¹. Ministeren som så kom, var *Jonathan Russell*, ein framskoten parti-politikar. Han var i Stockholm for det fyrste berre godt og vel ein månad, frå sist i april til fyrst i juni 1814; for han reiste til Gent og var med der i fredstinga mellom Sambands-Statane og England. Sia var han heller ikkje svært mykje i Stockholm; han heldt seg der berre frå mai 1815 til september 1816 og så frå desember 1817 til oktober 1818.

Etterpå vart ingen ny minister utnemnt före 1854. I mellomtida var Sambands-Statane representert av chargés d'affaires. Fyrst var det *Christopher Hughes*. Han kom til Stockholm som legasjonssekretær i mai 1817, var så chargé d'affaires når Russell var borte, og fekk endeleg fast utnemning til chargé d'affaires i januar 1819. Han var personleg venn med ymse av förarane i amerikansk politikk; men sjölv hadde han ikkje nokon sterk politisk sans, og han var ein ring rapportör frå posten sin. Han heldt seg i Stockholm fyrst til mars 1823, og var der så frå april 1824—juli 1825. Da var det ingen amerikansk utsending der i meir enn eit år, heilt til *John Appleton* vart utnemnt og kom til Stockholm i oktober 1826. Han var der i posten sin til august 1830. Da kom *Christopher Hughes* på nytt til denne posten, og hadde han heilt til 1842. Men i denne tida var han borte med orlov fyrst frå juli 1833 til oktober 1834, så frå september 1838 til oktober 1839, og på nytt frå september 1841. Han kom berre på ein snartur til Stockholm i septem-

¹ Meldingane hans ligg for det meste i det 1ste bande av konsulat-meldingar frå Stockholm i nasjonal-arkivet i Washington, D. C.; some meldingar likevel i det serskilde arkivet for General Accounting Office (som svarar til den norske Riksrevisjonen) i same byen. Eg har nytta desse meldingane til ei avhandling »*Bernadotte and Swedish-American Relations, 1810—1814*» i The Journal of Modern History, vol. XVI, 1944, pp. 265—285.

ber 1842 og tok farvel. Meldingane hans i desse åra vart meir og meir innhaldslause. Sia var *George W. Lay* chargé d'affaires i Stockholm frå oktober 1842 til oktober 1845, *Henry W. Ellsworth* frå oktober 1845 til juli 1849, og *Francis Schroeder* frå april 1850. Det var han som vart minister i juni 1854, og i den eigenskapen vart han verande i Stockholm til september 1857.

Meldingane frå alle desse diplomatiske utsendingane ligg i det amerikanske nasjonal-arkivet i Washington, avdelinga for State Department, band 1—8 merkt »Sweden and Norway» eller berre »Sweden». Det er der eg har gått igjennom og teki avskrifter etter meldingane frå Stockholm. Sjölvsgatt inneheld dei mykje meir enn det som her nedafor blir nytta.

Spørsmålet om representasjons-reform vart ikkje reist for alvor i Sverige före 1830, og det er da ikkje ventande at dei fyrste amerikanske meldingane frå Stockholm skal gje noka opplysning om kva det norske demokratiet kunne ha å seia for denne saka. Det kan berre vera verdt å nemne at Jonathan Russell hadde det fullt på det reine at i Noreg var det folket som styrt, mea adelen var heilt maktlaus¹. Han noterte (15. november 1815) at kronprinsen var misnögd med »the unaccomodating temper» han møtte i Stortinget.

Christopher Hughes tenkte seg (30. januar 1821) at den liberale handelspolitikken som Noreg slo inn på, kunne føre til at Sverige fylgte föredömet. Men han trudde no det var Carl Johan som dreiv fram denne politikken. Sjölvsgatt skreiv han det han vissste om striden mellom Kongen og Stortinget dette året, så han òg skjönte da kva makt det norske Stortinget hadde².

Ettermannen hans, John Appleton, la straks merke til kor sterkt Stortinget heldt fast på rettane sine, og serleg koss Stortinget i 1827 avviste alle kongelege framlegg om absolutt veto og annan makt-auke for kongen. I grunnen var det fyrst no at folk i Sverige tok til å tenke alvorleg etter kva demokratiet i Noreg hadde å seia for det politiske livet i landet. Det var i dette året at ein av dei komande politiske förarane i Sverige, *Johan Gabriel Richert*, gjorde den fyrste ferda si til Oslo, nett med tanke på å sjå det norske Stortinget i arbeid. Der tala han bl. a. med stortings-

¹ Of the old nobility of Norway there remain only five or six families, and the People of that country appear to have an uncontroled descendant in the Legislature. (10. januar 1816.)

² Ikkje alle meldingane hans frå desse åra fins i det amerikanske nasjonal-arkivet; for han sendte dem ofte som privatbrev til statssekretären John Quincy Adams.

presidenten, statsråd Christian Krohg, han som hadde skrivi den namngjetne tilrådinga til Stortinget 1824 mot dei kongelege grunnlovsframlegga. Og han kom tilbake til Sverige med varm samhug for Noreg¹. Vi torer visst trygt forme inntrykket på han og andre liberale svenskar med dei orda som Appleton nyttå (6. mars 1827) da han sendte fram til Washington den norske meldinga om riksens tilstand i dei tre åra sia førre Stortinget var samla, — at denne meldinga var serskilt merkeleg med di at ho synte koss »under the influence of free institutions and a liberal Government, all the elements of public prosperity are acquiring daily more life and expansion».

Svenskane fekk no sjølve på Riksdagen 1828—30 röyne kor maktlaus den liberale opposisjonen var med den skipnaden Riksdagen hadde. Og så var det at Richert i 1830 slo seg i hop med den evige rebellén *Carl Henrik Anckarsvärd* om framlegg til ein ny riksdagsskipnad bygd på mönstret frå Noreg. Både juli-revolusjonen i Frankrike og det liberale gjennombrotet i England styrkte modet til å ta opp striden for demokratisk nyskiping i Sverige. Men optaket var gjort alt före desse hendingane, og både norske og svenske röynsler — så motsette som dei var — låg bak det Richert-Anckarsvärdiske framlegget.

I denne tida kom det svært få meldingar til Washington frå Stockholm. I heile året 1828 sendte Appleton ikkje meir enn fem. Den sidste av dem skreiv han den 18. november; da meldte han at den svenske Riksdagen var åpna. Og etterpå det fins det inga melding frå han före 30. mai 1830. Det vil seia at vi ingen ting får höre frå amerikansk side frå heile denne stridsfylte riksdagsamlinga. Så vart han heimkalla, og Hughes kom i staden hans i august. Han var, som nemnt, ingen aktsam meldar. I juli 1831 sendte statssekretären ei oppstraming til han og bad han skrive meir og tiare. Men det hjelpte ikkje stort. Og dessuta heldt Hughes seg mest berre til utarikspolitiske spørsmål. Om indre tilstand i Sverige nögdes han helst med at fortelja at det rådde »the most perfect tranquillity» i landet, eller, som han skreiv den 6. juni 1833: »There is no public intelligence of any importance to communicate. This country is quiet and peaceful; and appears to be marked by every promise of durable tranquillity and content.»

Det som kunne vera litegran i strid med denne forsikringa om velnögd ro, var at han gong på gong (6. oktober og 8. desember 1831, 4. februar 1832) noterte at det var ei sterk motsetning mellom den russevenlege, reaksjonære politikken til kongen og

¹ Karl Warburg, *Johan Gabriel Richert*, Sth. 1905, I, p. 259—60.

fridoms-tankane hos folket. Både det eine og det andre er sagt i melding frå Hughes den 20. august 1832:

»The political state and aspect of these Kingdoms are perfectly tranquil and contented. Though, it may be said, that whilst a decided tendency to favour and support kingly power and authority, or what is better described by the word, *legitimacy*, is manifest in all the course and doctrines of the Court, an equally decided sentiment of favour and sympathy, in all events and in all measures in support of free institutions and the liberty of man, is displayed and openly expressed by the Swedish and Norwegian people.»

Desse orda her om »free institutions» er det einaste i meldingane frå desse åra som ein kan seia spelar bort på den agitasjonen for representasjons-reform som gikk for seg. Da Riksdagen kom i hop på nytt i januar 1834, var Hughes borte frå landet, og han vart verande borte mesteparten av året. Etter han så hadde komi att, noterte han eit par gonger (28. november 1834 og 28. mars 1835) at framleis sat Riksdagen der. Men framleis var det »nothing of importance nor worthy of communication» å melde om. Da riksdagssamlinga var slutt, nemte han (29. mai 1835) at det hadde vori strid om eit par økonomiske spørsmål (banken, og statslån), og han la attåt: »In fine, the Diet has closed its long session on no very harmonious terms with the King; and there is said to exist a general feeling of uneasiness and discontent throughout the Nation». Men kongen og kronprinsen var like populære som før, og kongen var for Hughes det centrale i alt.

Same tonen er det i alle meldingane hans frå dei neste åra, berre med eit lite avbrot for oppstyra i Stockholm somaren 1838. Dei store spørsmåla som reiste strid i folket blir ikkje nemnt med eit ord. Den viktige Riksdagen 1840—41, da framlegg om representasjons-reform vart vedteki til förehaving på neste Riksdagen, hörer vi ingen ting om.

Richert gjorde ei ny ferd til Noreg 1839, og denne gongen hadde han Anckarsvärd med seg. Stortinget var samla på den tida, og etter alt dei hörte og såg, vart dei berre enda meir overtydde enn för om at den norske statsskikken var det målet som alle fridomsvänner måtte stride for¹.

Prinsippa deira vann siger på Riksdagen 1840—41. Konstitusjons-utskottet peikte ut Noreg som den fremste mönsterstaten for demokratisk representasjons-skipnad. Da tilrådinga frå ut-

¹ Såleis Anckarsvärd i Aftonbladet 10. august 1839. Sjå elles Warburg, J. G. Richert, I, pp. 349—353.

sköttet var före i borgarstandet 24. og 27. oktober 1840, var Noreg det temaet som ustanseleg kom att i ordskiftet. Den radikale brukspatronen *Thore Petré*, ein av förarane på den liberala sida, var ikkje redd for å vedkjenne seg den »norskhet-iver» som motmennene til reformen spotta med; han meinte den i sanning var nasjonalt svensk¹. Representanten *Helsingius* heldt fram at Noreg med grunnlova si hadde gjort ende på det adelsveldet som var kjelda til »Sveriges flesta nationalolyckor», og han sa at han gjerne skulle röste endefram for den norske grunnlova². Grosserer *Wærn* frå Göteborg vart reint poetisk og citerte norske og svenska skaldar til pris for den norske fridomen, og han glöymte heller ikkje å nemne »hvilka gyllne skördar frihetens utsäde äfven i materielt hänseende burit hos det med oss förenade folket»³.

På same måten var det i bondestandet. Der innleidde Per Sahlström ordskiftet med lovprisinga si for Noregs »werkligt sjelfständiga statslif», og meinte at det ville »betrygga på en gång jordbruks och det allmännas fördel» å få det overfört til svensk statsskikk⁴.

Frå Skaraborgs len vart det lagt fram instruks frå veljarane til ein av riksdagsmennene om at »så är vår allwarliga önskan, att Riksdagsman af alla krafter befordrar ett förändradt representationssätt, till beskaffenheten liknande Norriges, det will säga, att wi här få en sådan Riksdags-ordning som Norska folket, hvilket utgör ett enda Stånd, wid sina Storting begagnar»⁵. *Per Hansson* frå Vermland sa at han som granne til Noreg kunne vitne at den norske grunnlova hadde »i betydlig mån upprättat detta i fattigdom sjunkna Lands invånare», ja »werklingen grundlagt Norriges wäl och sanna lycka», så det hadde gått fram »i jordbruk och näringar, handel och rörelser»; difor burde Sverige »taga norm å» den norske grunnlova⁶. Talarar frå andre grannlandskap, frå Dalsland og Bohuslen, peikte like eins på all den vinningen Noreg hadde hatt av den frie grunnlova si⁷. Skåningen *Måns Jönsson* ville ikkje feste lit til all denne lovprisinga; han meinte at i røynda var det prestar og andre storfolk som rådde i Noreg, og han sa: »I det lyckliga Norge suckar i denna stund

¹ Protocoll hos Borgar-Ståndet, Riksdagen 1840, V, pp. 353, 355, 459.

² s. st. pp. 358—59.

³ s. st. pp. 370—71.

⁴ Bonde-Ståndets Protocoller, Riksdagen 1840, VIII, p. 174, 177.

⁵ s. st. p. 365.

⁶ s. st. p. 227.

⁷ s. st. pp. 224, 342, sfr. pp. 280—81.

allmogen under ett svårt Embetsmannas förtryck och stora hopar af folk öfwergifwa fädernejorden för att i andra länder söka sin bergning. För en sådan lycka will jag bedja Gud bewara vår allmoge»¹. Men *Sven Heurlin* frå Kronobergs len svara att broder Måns visste ikkje kva han tala om — han var vankunnig både om »Norriges Grundlag, detta mästerwerk som är beundradt af alla främmande makter», og om »de wälgerningar, som den till-skyndat dette vårt Brödra-Rike»².

Ingen ting av dette fann Christopher Hughes det umaken verdt å melde noko om. Det var fyrist ettermennene hans som oppdaga både kor viktig dette spørsmålet var og det norske innslaget i det.

Da Carl Johan var död i 1844, og ny riksdag var innkalla til møte, skreiv George Lay straks om ordskiftet i blada om representasjons-reform. Han skreiv (8. juni 1844) at så vidt han kunne sjå var skipnaden i Belgia den som hadde mest ålmenn samhug. Men, sa han, »the Burghers and the Peasantry are warmly advocating the adoption of a Constitution similar to that of Norway and the abolition of all titles of Nobility as in Norway». Om grunnen til dette skreiv han:

»The favourable operation of the Constitution of Norway, and the uninterrupted and growing prosperity of that Kingdom since the adoption of its new Constitution, has enlisted many and powerful as well as influential advocates in favour of a similar Constitution for Sweden, not only on account of its liberal principles, but its evident tendency to advance the interests and increase the wealth and prosperity of the Country.»

I ei ny melding (10. februar 1845), för Lay enda hadde rådd seg til å fylgje etter den britiske ministeren til Oslo, skreiv han om kor mykje betre voner det var for liberale reformar i Noreg enn i Sverige, og han sa:

»There is much more unanimity in the Norwegian Legislature than in the Swedish. The Norwegians have a clearer perception of the true interests of their Country, and there is more general diffusion of correct political information than in Sweden. This arises mainly from the operation of her free and liberal Constitution.»

Dermed gikk Lay over til å skildre alle dei föremonene Noreg hadde framfor Sverige. Fyrst var det at Noreg ikkje hadde nokon adel, og adelen hadde kunna bli avskaffa der for di

¹ s. st. pp. 242, 379.

² s. st. p. 359.

kongen ikkje hadde noko absolutt veto. Og så var det den økonomiske framgangen i landet som det kunna takke den frie styringa si for. Lay fortalte om koss Noreg trass i alle vanskars — tung statsgjeld, fatig jord, kaldt verlag — hadde greidd å reise seg på dei tretti åra som hadde gått sia 1814, — hadde avbetala statsgjelda, sett på fot både borgarleg og militær styringsskipnad, fått pengane sine opp i pari, gjort ende på grunnskattane, samla rikedom og skapt ålm̄ent velstand. Eit heilt anna bilete teikna han av Danmark. Og til samanlikning med Sverige peikte han på at når den svenske handelsflåten i 1814 var dobbelt så stor som den norske, så var no den norske tre gonger så stor som den svenske. Sverige òg hadde avbetala statsgjelda si, men hadde likevel ikkje gjort noko framsteg eller noka betring »in her social or moral condition, in government or in the amelioration of the poor and labouring classes».

Lay hadde planlagt denne utgreiinga som ei innleiing til det han sia ville skrive om arbeidet for representasjons-reform i Sverige, »the first movement made towards liberal principles by the Swedish people». Men dess verre er alle dei neste meldingane hansapt, og like eins dei som han sendte frå Noreg om våren 1845. Det einaste vi ser er at han jamleg klaga over adelsmakta som sette seg imot alle reformar, og over det omsynet som svenskane tok til synsmåtane hos stormaktene.

Da Henry Ellsworth kom til Stockholm i oktober 1845, fann han ei daud tid der, så det var ingen ting for han å gjera. Men da kong Oscar i fyrstninga på 1846 sette til ein kommisjon til å dröfte riksdaysreformen, skreiv Ellsworth (17. februar 1846) om den striden dette spørsmålet voldte. Adel og prestestand var imot reformen, og han skildra drastisk koss dei fatige adelsmennene klengte seg til den makta dei hadde i staten. Men borgarar og bönder kravde reform: »The truth is that the commercial and lower classes are continually excited by the comparison of their unhappy situation with that of their Norwegian neighbors, who are prospering beneath the care of a mild and indeed almost republican Government». Han viste til at i Noreg var adelen avskaffa, og »all new enactments are made in a spirit more congenial with the liberal tendencies of the age».

Da Riksdagen kom i hop att i november 1847, skildra Ellsworth i ei utförleg melding (25. november 1847) kor langt Sverige låg tilbake, og kor mange reformar, serskilt økonomiske, trengte på, men koss skipnaden med fire stand låg i vegen for dem. I dei neste månadene kom han jamt tilbake til desse spørsmåla, og 1848 vart så fylt med hendingar så han aldri var opp-

rådd for meldings-emne. Han sendte dette året ikkje færre enn 39 meldingar, mange av dem drygt lange. Den 29. april 1848 kunne han melde at det ville koma kongeleg framlegg om representasjons-reform, og 2. mai gjorde han greie for kva det gikk ut på. Men han varsla om mykje strid og motstand. Den 16. november fortalte han om koss det nye danske grunnlovs-framlegget styrkte vona og modet hos dei svenske liberale.

Presidentskiftet i Sambands-Statane i mars 1849 førte til at Ellsworth vart heimkalla frå Stockholm, og ettermannen hans, Francis Schroeder, kom ikkje dit føre april 1850, så det var ei lang tid Statane berre var representert der av den svensken som var amerikansk konsul i Stockholm. Politiske meldingar kom det difor ikkje i denne tida.

Noko av det fyrste Schroeder kom opp i, var saka med *Harro Harring* i Noreg, han som vart utvist derifrå for republikansk agitasjon. Harring var amerikansk statsborgar, og i ei utförleg melding Schroeder sendte til State Department 10. juni 1850, nemnte han bl. a. at ein grunn til utvisinga var at den norske regjeringa var redd for »the propagation of anti-monarchical principles, with which no nation in Europe, that is governed by a King, has perhaps no [sic!] more sympathy than the Norwegians».

Den 26. august 1850 kunne han melde at vala til den nye Riksdagen var i gang, og at representasjons-reformen var »the all absorbing point of interest». Men dei liberale hadde ikkje så gode voner som for tre år sia. For svenskane var tråe til å gå med på noko slag »innovation». Da så riksdagen var samla i november, gav Schroeder (30. november 1850) ei lang utgreiing både om riksdagsskipnaden slik han var (»the wretched character of the Swedish representation») og om det reform-framlegget som låg over frå den førre Riksdagen. I den førre meldinga hadde han nytta sterke ord om kor foraldra den gamle riksdagsskipnaden var, og kor umogleg det måtte vera å halde han oppe. Og no skrev han: »The prolonged existence of the present system, on account of the connection of Norway, the most liberal country in Europe, seemed impossible; and after the union of the kingdoms, the project of reform was early set on foot by the Swedish Burghers». Trass i »the national inertness» ville stormengda av folket kjenne det som eit hardt slag om reformen no ikkje vart vedteken:

»The progress of the world is no longer a secret in the forests and along the distant lakes of Sweden. In the furthest recesses a light has penetrated. The tardy Swede beholds with envy the growth and thrift

of his Norwegian brother, and the germ of enlightened liberty, native in the heart, must sooner or later mature, for at last it has nourishment.»

Men alt den 19 desember måtte han melde at adel og prestestand hadde forkasta reform-framlegget. Han mistvila likevel ikkje om at striden for det til slutt ville vinne fram, og han sette si lit til innverknaden frå Noreg. Den 21. januar 1851 skreiv han:

»The Swedish jealousy of the liberal institutions of the sister kingdom is exceedingly marked. The two nations are so dissimilar in political creed and prejudices that an embittered feeling on the part of the Swedes I believe to be increasing. Norway is destined to have effective influence in the affairs of Sweden, and attempts on the part of the Norwegians at this time for yet more freedom than they already possess, are viewed in this country in the worst light and with positive anxiety.»

Det var arbeidarrörsla i Noreg som dei siste orda her peikte på, og i ei ny melding om den radikale agitasjonen der i landet (20. februar 1851) skreiv Schroeder: »Norwegian affairs therefore at the juncture are of vast importance in the sisterkingdom». Sjölv hadde han samhug med arbeidarkrava i Noreg, og han vona (så skreiv han den 12. mars) at dei måtte føre fram til ei valretts-utviding som ville gjera den norske grunnlova enda meir demokratisk, — denne grunnlova som var den store vona for alle liberale i Europa og hadde ført Noreg fram til eit förarrom i alt framgangsarbeid som Sverige ikkje så fort kunne nå att. Det var difor eit vonbrot for Schroeder da han fekk höre at arbeidarförarane var sett i fengsel; det gav trua hans på den norske fridomen noko av ein knekk (sjå meldinga hans 16. juli 1851).

Men enda tykte han no at Sverige låg langt etter Noreg. Han fann at »the indolent patient nature of the Swedish people» hadde teki brodden av dei tilstøyttane som hadde komi utafrå, bl. a. frå februar-revolusjonen i Frankrike, og han vona berre på at det skulle koma nye slike tilstøytar frå utlandet (1. november 1851). I staden kom det bonapartistiske statskuppet i Frankrike. Og så vart det berre Noreg å vone på. Den 22. desember 1851 skreiv han:

»But for the union with Norway, Sweden would seem destined to be among the last holds in Europe of a wellnigh arbitrary rule. The enlightened constitution of Norway, sustained there by the prevalence of almost republican feeling, may be in the connection with this country, perhaps the best counterpoise that shall remain to Sweden against a Russian influence that enters much into the councils of the Government.»

Den fastleiken som Stortinget og det norske folket hadde synt imot tvangstiltak av kong Carl Johan, heldt han fram, hadde slegi tilbake ein »usurpation» som »would have undermined the best hope that appears to remain to Sweden — that which is built upon the existing character of the Union».

Dette var siste gongen Schroeder uttala slike voner for Sverige. I ei melding den 10. februar 1853 sette han opp imot einannen den svenske »inactivity and the national spirit of procrastination» på alle moglege område og norskt framgangsarbeid. Og sia kom han gong på gong tilbake til denne motsetninga mellom dei to sambundne nasjonane (2. juli 1853, 4. august 1855). Men han fann ikkje lenger noko höve til å skrive om representasjons-spørsmålet i Sverige. Det var naturleg at hovudsaka for han i åra 1853—56 måtte bli alle dei spørsmåla som krigen mellom Kussland og vestmaktene reiste, og det skiftet som den førte med seg i svensk politikk. Samstundes var det som alt arbeidet på riksdagsreform dovna av.

Schroeder var utvilsamt den kunnigaste sendemannen Sambands-Statane hadde i Sverige i heile det første halvhundre-året etter dei hadde fått seg ein politisk ombodsmann der, og meldingane hans var dei beste som i all denne tida kom til Amerika frå Sverige og Noreg. Han hadde klart syn for det politiske tilhøvet mellom dei to kongerika.

Den sendemannen som kom etter han, i oktober 1857, Benjamin F. Angel, kom med den tanken at Noreg berre var eit underbruk under Sverige. Han trudde frå fyrsten at når den svenske Riksdagen gjorde vedtak om tolltariffen, så galdt dette for Noreg òg. Og han trudde at når Riksdagen hadde gjort vedtak om eit statslån, så var det dette same lånet som vart stadfest av det norske Stortinget. Han måtte no etter kvart lære at det var ikkje på den måten unionen mellom dei to landa var skipa. Serleg statthaldarstriden 1859—60 gav han betre opplysning om dei faktiske vilkåra. Og han vart den andre amerikanske sendemannen i Stockholm som gjorde ei reis til Noreg; han var der til kongskroninga i Trondheim somaren 1860. Elles fekk han no den same tanken som föremannen hans hadde hatt, — att svenskane var »slow and dilatory in all questions of progress and reform» (melding 15. februar 1860), men nordmennene var fylt av fridoms-ånd (17. mai og 28. august 1860). Men han fekk ikkje noko höve til å tala om norsk innverknad på svensk heime-politikk. Riksdags-reformen vart i desse åra flutt over på ny grunn, og om så den endelege nye riksdagsskipnaden kom til å bera some merke etter det norske grunnlovs-mönstret, så var det ikkje

264

Halvdan Koht.

lenger det norske föredömet som eggja svenskane til strid for ei ny-skiping.

Men det norske demokratiet hadde gjevi si hjelp til denne striden i dei åra som hadde gått före.

Halvdan Koht.

(Tryckt juli 1948).